

**”Sats på skulen – snu Sogn”**  
**Handlingsplan for delprogram to i perioden 1.1.08 -1.8.09**

**Hovudmål for programsatsinga :** *”Meir kompetanse for den einskilde elev og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen”*

**Plandokumentet formulerer dette målet for delprogram 2 ”Kommunen som skuleeigar:**  
*”Kommunane skal sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga og bruke skulen som eit verkemiddel for å styrke næringslivet og utnytte komparative fortrinn”*

***Delmål A:***

***Auke kompetansen til det politiske og administrative nivået om å vere ein god skuleeigar og etablere struktur for informasjon og dialog om utviklinga i prosjektet***

<b>Aktuelle tiltak/aktivitetar</b>	<b>Aktuelle aktørar</b>	<b>Når</b>	<b>Overordna ansvar</b>
<b>A 1.</b> Regionrådet oppnemner ei arbeidsgruppe som utarbeider framlegg til konkretisering av korleis omgrepet ”den gode skuleeigar” skal forståast	Ein representant frå det politiske nivået, rådmannsgruppa, skulefagleg ansvarleg, tenesteleiar/rektor, tillitsvalde og KS. Prosjektleiar er sekretær for arbeidsgruppa	Regionrådet oppnemner gruppa innan 1.2.08	Leiar for regionrådet
<b>A 2.</b> Kommunane vurderer korleis det politiske nivået kan informerast om framdrift og utvikling i prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn”			Ordførar
<b>A 3.</b> Regionrådet og rådmannsgruppa blir orientert om framdrift, utvikling og erfaring med prosjektet			Leiar for regionrådet/rådmannsgruppa
<b>A 4.</b> Skuleregionen følgjer framdrift og utvikling i prosjektet, drøftar erfaringar og vurderer aktuelle samarbeidsområde			Leiar for skule- og barnehageregionen

**Delmål B:****Styrkje rådgjevartenesta om yrkes- og utdanningsval og auke det formaliserte samarbeidet med vidaregåande skular og lokalt arbeids- og næringsliv**

<b>Aktuelle tiltak/aktivitetar</b>	<b>Aktuelle aktørar</b>	<b>Når</b>	<b>Overordna ansvar</b>
<b>B 1.</b> Regionrådet vurderer å arrangere ein konferanse med tema regionale utfordringar og skulen som utviklingsaktør	NAV, politisk og adm. nivå, skulane, KS, NHO, HSF, Vestlandsforskning, lokalt arbeids- og næringsliv	Haust 2008 ?	Regionrådet. Samarb med NAV v/fylkesdir? Kan evt koplast til Sogndal sine planar om regional konferanse hausten 2008
<b>B 2.</b> Kommunane vurderer å arrangere eit årlege ope møte i kvar kommune med temaet: Samarbeid skule-lokalsamfunn og skulen som regional utvikingsaktør. (Bør knytast til dei møteplassane som allereie er etablert i kommunane)	Kommunalt adm.nivå, ungdomsskule/vgs, arbeids- og næringsliv, lag og organisasjonar, foreldre		Den kommunale samarbeidsgruppa jfr B 3
<b>B 3.</b> Kommunane vurderer å opprette lokal/ interkommunale styringsgrupper med aktørar frå skule og næringsliv som ser nærare på korleis eit samarbeid om entreprenørskap og yrkes- og utdanningsval knytt til programfag til val og kan organiserast og koordinerast både mellom skulane/skuleslaga og skule- næringsliv t.d. etter modell av Fyrtårnprosjektet i Stryn og "Entreprenørskap i Luster". Dette må sjåast i samanheng med fylkeskommunale planar og strategiar for karriererettleiing. Sjå også C2	Grunn og vidaregåande skular, arbeids- og næringslivet, lag og organisasjonar, opplæringskontora		Rådmann
<b>B 4.</b> Felles rådgjevarteneste i regionen bør utgreiast og sjåast i samanheng med programfag til val og fylkeskommunale planar om karriererettleiing	Skuleleiarar grunnskule/ vgs, rådgjevarnettverket, kommunalt adm.nivå, leiar skuleregionen, Fylkeskommunen	Innan 1.1.09	Regionrådet/rådmannsgruppa

<b>Aktuelle tiltak/aktivitetar</b>	<b>Aktuelle aktørar</b>	<b>Når</b>	<b>Overordna ansvar</b>
<b>B 5.</b> Det blir lagt til rette for at rådgjevarane kan gjennomføre etterutdanning/vidareutdanning		Innan 1.8.10	Rådmann
<b>B6.</b> Alle kommunane har som mål å auke talet på kommunale lærlingeplassar		Kontinuerleg	Rådmann
<b>B 7.</b> Samarbeid skule – næringsliv blir vurdert i samband med arbeidet med kommunale strategiar for næringsutvikling		I plansamanheng	Rådmann

***Delmål C:  
Alle kommunar og skular har systematisk tilnærming til entreprenørskap***

<b>Aktuelle tiltak/aktivitetar</b>	<b>Aktuelle aktørar</b>	<b>Når</b>	<b>Overordna ansvar</b>
<b>C 1.</b> Alle skuleleiarane har fullført to-årig leiaropplæring inkludert eit utviklingsprosjekt på eigen skule som har ei entreprenøriell tilnærming		Innan 1.8.10	Rådmann
<b>C 2.</b> I alle kommunane blir det utarbeidd plan for entreprenørskap og samarbeid med lokasamfunnet, inkludert foreldra, bygd på den nasjonale strategiplanen. Planen bør syne mål og strategiar for arbeidet, progresjon mellom årsstega og knyte partnarskapsavtalar og entreprenørskapstenking til kunnskapsløftet og arbeidet med lokale læreplanar. Bruk av lærarhospitering i næringslivet bør vurderast. Politisk forankring? Sjå også B3	Skulane, kommunalt adm.nivå, næringslivet	Innan 1.1.09	Rådmann

Aktuelle tiltak/aktivitetar	Aktuelle aktørar	Når	Overordna ansvar
<p><b>C 3.</b> Det blir utarbeidd ein visjon for og mål med arbeidet i fagnettverka sett i lys av plandokumentet "Sats på skulen – snu Sogn". Korleis kontakt med lokalsamfunnet og arbeidet med entreprenørskap kan knytast til fag og fagplanar blir ein del av dette</p>	<p>Leiarane for fagnettverka, leiar i skuleregionen, HSF, prosjektleiar</p>	<p>V 2008</p>	<p>Leiar for skuleregionen og prosjektleiar</p>
<p><b>C 4.</b> Alle skulane deltek i dei regionale nettverka</p>		<p>På møta i nettverka</p>	<p>Rådmann</p>
<p><b>C 5.</b> Det er eit mål at alle lærarane får tilbod om/gjennomfører kurs i entreprenørskap</p>			<p>Rådmann</p>